



Marianne Hammer  
Tjørnavegen 23  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/582 - 17/5409

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
17.03.2017

## Godkjenning - fritak frå feie-/ og tilsynsgebyr for egedomen GBNR 22/214 snr.10

**Administrativt vedtak. Saknr: 72/2017**

### Saksutgreiing:

Det er i skriv, dagsett 07.03.2017, søkt om fritak frå feie-/tilsynsgebyret for husvære på egedomen gnr 22, bnr 214, seksjon 10, Tjørnavegen 23. Søknaden er grunngjeven med at bustaden ikkje har montert eldstad. Det vert også søkt om attendebetaling av tildlegare betalt avgift.

### Vurdering:

Til no har kommunen praktisert at alle som kan dokumentere at husværet ikkje har eldstad av noko slag, kan etter søknad, sleppe å betale feie-/tilsynsgebyr. Dette er og gjeldane for 2017.

Etter ny lovpålagt forskrift, har kommunane innført feiing etter behov. Dette tyder at feiing skal skje når det er naudsynt med feiing, men likevel slik at skorsteinen skal feiast minst kvart 4. år uansett bruk.

Innspart tid med feiing etter trong, skal nyttast til inspeksjon av husværa der feiaren gir råd og rettleiing for å unngå brann. Denne tenesta er uavhengig om husværet har eldstad eller ikkje, og kostnaden skal dekkast inn gjennom feie-/tilsynsgebyr.

Administrasjonen har vurdert eigar av gnr. 22 bnr. 214, snr. 10, sine opplysningar som relevant dokumentasjon for å gje fritak.

Attendebetaling av feie-/tilsynsgebyr er ikkje heimla i noko forskrift eller regelverk. Vanleg praksis har vore at det etter søknad vert gjeve fritak for max. 3 år. Administrasjonen tilrår at det vert gjeve attendebetaling for 2014, 2015 og 2016.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinno: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

## Vedtak

«Meland kommune godkjenner at det frå 01.01.2017 vert gjeve fritak frå feie-/tilsynsgebyret for Dykkar husvære på eigedomen gnr. 22, bnr. 214, snr. 10, i samsvar med søknad dagsett 07.03.2017. Dersom eldstad vert montert må det straks gjevast melding hertil.

Innbetalt feie-/tilsynsgebyr for 2014, 2015 og 2016 (481,25+487,50+487,50) kr 1456,25 vert attendebetalt frå Økonomikontoret.

Utsendt faktura for 1. termin 2017 vert kreditert og ny faktura vert ettersendt.»

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

## Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Kopi til:

Feiaren i Lindås og Meland v/Trond  
Smørdal

## Mottakere:

Marianne Hammer

Tjørnavegen 23 5918

FREKHAUG